

19.08.2025.

## Løesaka, offentliggjøring av dokument:

### Erstatningskrav:

07.03.2024 sende vi Kvinnherad kommune krav om å få dekke sakskostnader i Løesaka. Vi ba kommunen vurdere ei tilnærming til kravet gjennom dialog for å unngå store advokat utgifter.

27.02.2025, tilnærma eit år etter kravet vart sendt, får vi fyrste reaksjon frå Kvinnherad kommune i form av eit langt advokatbrev med blankt avslag, frå innleigd advokatfirma Stiegler. I brevet viser Stiegler gong på gong til at det er uklart om det eksisterar nokon bygningsmessig ulovlegheit.

Brevet frå Stiegler kom tre veker før Sweco sin byggtekniske rapport, bestilt av kommunedirektøren for å gjenskape tillit, vart utlagt. Av rapporten framgår det at bygget er ulovleg frå kjellargolv til yttertak.

Brevet frå Stiegler er eit offentlig dokument. Det er stor offentlig interesse for saka, og korleis vi vert møtt av Kvinnherad kommune. Vi tillet oss derfor å stille kommunedirektøren fylgjande spørsmål:

Kvifor ligg ikkje dokumentet frå Stiegler på Kvinnherad kommune si postliste?

Kvifor kjem Kvinnherad kommune sitt avslag på erstatningskrav som fyrste reaksjon, eit år etter kravet vart mottatt?

Kvifor vart vi møtt med eit langt advokatbrev, og ikkje ei tilnærming gjennom dialog for å prøve unngå store advokatutgifter, slik vi ba om?

Kvifor kjem Kvinnherad kommune sitt avslag på vårt erstatningskrav tre veker før kommunen hadde tidfesta at Sweco sin bygningstekniske rapport skulle offentliggjeras?

Stiegler har følgd saka frå oppstart, og vert av både seg sjølv og Kvinnherad kommune omtalt som kommuneadvokat.

Kva avtale ligg til grunn for Stiegler sitt engasjement i Løesaka?

Kor finn vi oppdragsavtalen mellom Kvinnherad kommune og advokatfirma Stiegler?

Stiegler viser i brev til Haver til at dei er kontakta for å bistå Kvinnherad kommune i erstatningssaka når det gjeld vårt nye krav sendt Kvinnherad kommune, 23.06.2025.

Er nevnte oppdragskommunikasjon mellom Kvinnherad kommune og Stiegler offentlig tilgjengeleg på same vis som ved Sweco sitt oppdrag?

Evt. Kor fin vi den?

### Nullitetspåstand:

14.12.2023 vart det gjort kommunestyrevedtak om at det skulle gjennomførast byggesak. Då Ove Lemicka etter fire månader spurde om framdrift i saka, fekk han til svar at det av juridiske grunnar ikkje kunne gjennomførast byggesak.

I lukka kommunestyremøte, 25.04.2024, vart det lest opp eit dokument frå advokatfirma Stiegler, basert på oppkonstruert sakshistorie, der det vart vist til at kommunestyrevedtak av 14.12.2023 var ein nullitet. Ligg på postlista, og med offentleg tilgang.

Motskriv frå Lars Selmar Alsaker basert på fakta frå saksarkiv. Ligg på postlista med offentleg tilgang.

Nytt dokument frå Stiegler der Kvinnherad kommune la seg flat og viste til at vedtaket ein hadde omtalt som ein nullitet, var et godt vedtak til å avslutte saka etter. Ligg på postlista unnateke offentlegheit.

Vi har tre saksorienterte dokument med sterk binding til ein annan i ei sak med stor offentleg interesse. Dei to fyrste er opne. Det siste der kommunen legg seg flat og innrømmer saksrelaterte faktafeil i sitt fyrste dokument, er lukka.

Kommuneadvokat Kim Gundersen viser i grunngjeving for lukking til fylgjande: « Behovet for unntaket for partsinnsyn i denne konkrete saka, er ynskje om å unngå å generere søksmål og omstendleggjering av saka».

I følge Plan- og Bygningslova er hovudoppgåva til kommunen i ei byggesak å framskaffe faktabaserte saksopplysningar. Gundersen/ kommunedirektøren kan ikkje skjerme saksorienterte opplysningar for å hindre søksmål.

Hadde Kim Gundersen sett seg inn i saka, ville han ha oppdaga at den kunne blitt avslutta med ein 15 minuttar køyretur i 2021. og at saka var på full fart inn i sitt fjerde leveår på grunn av kommunal omstendleggjering, feilhandling, skjerming, trenering og kommunal frykt for ei rettsleg avklaring.

Vi ber kommunedirektøren svare på fylgjanda spørsmål:

Vil kommunedirektøren syte for at dei tre saksrelaterte dokumenta med sterk binding til ein annan, vert likestilte og får status som opne dokument i postlista?

Om kommunedirektøren skulle finne det uaktuelt å gjere endring, ber vi om ei grunngjeving for dette.

#### **Pågåande byggeaktivitet vedk. ulovleg bygg:**

Viser til våre E- postar med journaldato 31.07.2025 og 08.08.2025 om pågåande byggearbeid på ulovleg bygg, og E- post frå Anbjørn Høivik, 11.08.2025. Kommunenn avstår frå rask handling, og å svare på våre spørsmål. Høivik sitt svar er på heile to linjer. Han viser til at meldingane våre blir følgt opp, og at det er kontakt med grunneigar for å avklare omfang.

Vi konstanterar at kommunen nyttar same framfangsmåte som ved vårt varsel 29.03.2021.

Då kommunikasjon med grunneigar endå ikkje er komen på postlista, ber om å få tilsendt både den og evt. påfylgjande kommunikasjon.

#### **Byggesak – Synnøve Handeland:**

Det framgår av kommunal postliste at 15.10.2024 oppretta Synnøve Handeland byggesak etter tilsynet som Handeland sjølv hadde gjennomført. Det er no gått 10 månader utan at vi har registrert nye saksdokument på postlista som omfattar denne byggesaka. Vi tillet oss å stille kommunedirektøren fylgjande spørsmål:

Kva er status for byggesaka Synnøve Handeland oppretta, 15.10.2024?

## **Kommunestyrevedtak, 25.05.2023/ oppdrag til Bergen kommune:**

25.05.2023 vart det gjort einstemmig kommunestyrevedtak om at det skulle gjennomførast eit fullverdig byggesakstilsyn av annan kommune, eller ekstern konsulent. Frist 30.06.2023. Eit tydeleg og sterkt signal frå politikarane om misstillit til kommunal opptreden i saka. Kommunen hadde all grunn til å ta signalet på alvor, men ingen bedring.

Lang og merkeleg avtaleprosess. Merkeleg rapport, utan bilder, frå Bergen kommune. I rapport vart det konkludert med å leggje bort saka trass i registrerte ulovlegheiter. Rapport vart sendt direkte til politikarane utan kommunal saksutgreiing, og med minimalt med tid til å gå gjennom rapporten før møtet.

Ubesvart brev med spørsmål til den merkelege kontraheringsprosessen ligg på rådmannen sitt kontor og på postliste.

I ettertid, har Synnøve Handeland i eigen rapport, side 6, og i eige notat, vist til at Bergen kommune på oppdrag frå Kvinnherad kommune, berre gjennomførte utvendig tilsyn.

Handeland stadfestar at kommunen har tukla med gjennomføring av vedtak gjort av kommunen sitt øverste politiske organ. Dette er eit alvorlig brot på forsvarleg forvaltningsskikk. Tidlegare kommunal opptreden i saka talar i skjerpande retning.

I kommunestyremøte, 31.11.2024, stilte politisk miljø rådmannen spørsmål om han var kjent med at Bergen kommune berre hadde gjennomført utvendig tilsyn då han la rapporten fram for kommunestyret. Har ikkje registrert svar i protokoll frå møtet slik det vart lova.

Vi tillet oss derfor å spørje rådmannen:

Var rådmannen kjent med at Bergen kommune berre hadde gjennomført utvendig tilsyn, då han la fram rapporten frå Bergen kommune sitt tilsyn i kommunestyremøte, 14.12.2023?

Med venleg helsing!

Ivar Kåre Døssland